

HØYRINGSFRÅSEGN TIL FORSLAGET OM «SKJERPET STRAFF FOR FLERE LOVBRUDD»

1. Innleiing

Vi viser til høyringsbrevet som Justisdepartementet sende ut i desember 2016. Brevet er mellom anna sendt til Det juridiske fakultet, Universitetet i Bergen. Som medlemmer i forskargruppa for strafferett har vi i dette tilfellet funne grunn til å gi ei høyringsfråsegn på eigne vegner. Vi avgrensar oss til den strafferettslege delen av forslaget.

Forslaget er basert på eit punkt i Regjeringa sin «Sundvolden-plattform» om at ein skal «[h]eve straffenivået der gjerningspersonen har begått flere straffbare forhold». Konkret blir det føreslått endringar i straffelova § 79 bokstav a om heving av maksimumsstraffa der ein person blir dømt til ei felles straff for fleire brotsverk. Endringa inneber både skjerping av strafferamma og straffenivået i slike saker. Dette skal få verknad for alle saker der nokon blir straffedømt for fleire brotsverk, også der ein ikkje når opp til det noverande «takiet» i strafferamma.

Denne skjerpinga kjem i tillegg til den oppjusteringa av den øvre strafferamma ved pådømming av fleire brotsverk som - med den same målsetjinga - vart gjort i 2003. Då vart den 100 år gamle regelen om at den øvre strafferamma kunne aukast med ein halvdel, endra slik at strafferamma kunne doblast. Forslaget må vidare sjåast i lys av dei vesentlege straffeskjerpingane som dei seinare åra har blitt gjennomført for mange typar brotsverk, ikkje minst valds- og seksualbrottsverka, som også står sentralt i dette høyringsnotatet. I sum inneber desse tiltaka ei kraftig skjerping av straffenivået i Norge.

Forslaget er etter vårt syn svakt underbygd. Dette vil vi utdjupa ved å peika på ulike manglar ved analysen av dei grunnane som departementet har trekt frem for og mot forslaget, slik som preventive omsyn (2), omsynet til offera (3) omsynet til «sosial ro» (4), omsynet til proporsjonalitet (5) om omsynet til ei human strafferettspleie (6). Til sist peikar vi på at høyringsnotatet heilt manglar ein analyse av dei økonomiske kostnadene og dei viktige prioriteringsspora som straffeskjerpinga vil utløysa (7).

2. Mangelfull vurdering av preventive omsyn

Departementet vedgår at allmenn- eller individualpreventive omsyn ikkje kan grunngi ei slik skjerping som føreslått. Det heiter på s. 23 at «[s]traffens allmennpreventive virkning gir avtagende utbytte. Når straffen har nådd et visst nivå, er det lite å hente ved å skjerpe den.» Vidare seier ein på s. 24 at «[p]revensjonsteoriene – allmenn- og individualprevensjon – kan i liten grad begrunne en slik lovendring». Dette er vi samde i.

Individualpreventivt er det heller grunn til å spørje om ikkje vesentleg lengre fengselsstraffer kan verke negativt for tilbakeføring til samfunnet, slik at framlegget bidreg til å forvanske strafferetten sine målsetjingar. Framlegget er her ikkje vurdert opp mot kva ein reknar som føremålet med gjennomføring av fengselsstraff.

Framlegget kan kanskje også få uheldige verknader i eit allmennpreventivt perspektiv. Det innarbeidde taket på 21 år har lenge fungert som ein tydeleg markør av at strafferettssystemet reagerer strengt på ein del handlingar, ofte omtala i media som at tiltalte har fått «lovens strengeste straff». Samtidig gir det også uttrykk for at *eit år av eit liv er mykje* og at 21 års fengsel utgjer ein *vesentleg del av eit menneskeliv*. Framlegget bidreg til å svekke denne respekten for kva eit år av eit liv er. Den klare budskapet frå rettsordninga som taket på 21 år har representert, vil no i stor grad gå tapt.

Den norske strafferettstradisjonen har dessutan vore del av ei samfunnsordning med høg grad av tillit og inkludering. Det heng mellom anna saman med at ein har prioritert andre tiltak mot kriminalitet enn å drive opp represjonsnivået. Det er grunn til å tru at denne tradisjonen har vore viktig for det låge kriminalitetsnivået som vi har opplevd. Når det vert teke steg vekk frå det, kan det dermed bidra til verknader motsett av det å redusere kriminalitetsnivået i samfunnet.

3. Mangelfull analyse av omsynet til offera

Den viktigaste grunnen til straffeskjerpinga synest å vere å «styrke det strafferettslige vernet av fornærmede» (s. 3). Vi er samde i at omsynet til offera er eit legitimt føremål, som strafferetten generelt skal fylle gjennom å reagere på brotsverk. Likevel trekkjer ein for enkle slutningar om at dette tilseier eit høgare represjonsnivå enn det vi alt har.

Det er ikkje sikkert at offera sine interesser er best ivaretekne ved eit framlegg som dette. Kva offer for kriminalitet ønskjer seg, vil kunne vere ulikt. I kriminalpolitikken må ein dessutan sjå offera sine interesser i eit meir generelt perspektiv. Lovgivar bør difor vere varsam med å byggje framlegg på enkle oppfatningar om kva offera sine interesser tilseier.

For noverande og framtidige offer for kriminalitet er det ikkje berre strenge straffer som tel. For mange offer er den primære interessa nok å få oppklart saka. Dette føreset i at politiet får gode ressursar til å etterforske og oppklare sakene, at domstolane maktar å gjennomføre straffesakene på ein grundig og samtidig effektiv måte. Det er også viktig at dei fornærma sine interesser blir godt ivaretekne både før, under og etter rettssaka. Det er lett å seie at ein skal gjere alt dette for offera, men erfaring tilseier at så ikkje vert tilfelle.

I alle høve er omsynet til offera berre eitt av omsyna som skal ivaretakast. Strafferetten byggjer på ei avveging mellom fleire grunnleggjande omsyn. Det vert sagt i notatet at «[g]runnleggende prinsipper for straffutmåling tilsier at straff utmåles etter en totalbedømmelse hvor både den straffbare handling og gjerningsmannens person spiller inn» (s. 10). I første omgang er det lovgivar si oppgåve å gjere ei avveging mellom omsynet til dei involverte partane, men vi kan ikkje sjå at ein i høyringsnotatet gjer ei slik avveging i spørsmålet om strafferammer og straffenivå. Notatet er snarare prega av ei ein sidede orientering mot offeret. Det blir rett nok sagt at «[r]ettferdighet og humanitet

er begrensende faktorer» (s. 23 og andre stader), men som vi kjem tilbake til, saknar vi nærare vurderingar av kva det inneber i denne samanhengen.

4. Tvilsam vektlegging av omsynet til «sosial ro»

Notatet signaliserer også ei meir generell endring i synet på strafferetten si grunngeving, samanlikna med dei grunnane som tradisjonelt har stått i sentrum. Det heiter på s. 26 at nojeldande reglar kan «virke støtende på den alminnelige rettsfølelsen». Vidare står det: «En heving av den øvre ramme ved sammenstøt av lovbrudd måtte eventuelt begrunnes i rettferdighets- og rimelighetsbetraktninger, herunder hensynet til sosial ro og velbefinnende i samfunnet.»

Etter vårt syn er det problematisk at dei sistnemnde omsyna vert gitt ein slik sentral plass i argumentasjonen, utan at dei blir haldne opp mot det ein i Sundvolden-plattformen omtalar som «grunnleggende rettsstatprinsipper» (s. 3)). Her vil vi nemne at EMD, mellom anna i saka Vinters mfl. mot Storbritannia (2014) har stilt krav om at fengsling må byggje på «legitimate penological grounds», slik som «punishment, deterrence, public protection and rehabilitation» (avsn. 111). Det føreligg dessutan ikkje - etter det vi kan sjå - nokon generelle uttrykk for at borgarane reknar det eksisterande straffenivået i Norge som uheldig lågt. Det har då òg vore lovgivar si eiga oppfatning tidlegare (s. 24).

5. Omsynet til proporsjonalitet - allereie godt ivareteke

Ein meir etablert premiss for strafferetten er synspunktet om proporsjonalitet. Dette byggjer på rettferdstankar, og blir i relasjon til tematikken i notatet forklart slik (s. 24):

«det [er] nødvendig både å legge vekt på om det ved sammenstøt av alvorlige lovbrudd er et rimelig forhold mellom brøde og straff (utvekslingsrettferdighet) og om det er et rimelig forhold mellom slike sammenstøtstilfeller og andre mindre alvorlige tilfeller (fordelingsrettferdighet).»

Det er grunn til å understreke at proporsjonalitet i den førstnemnde tydinga går på forholdet mellom «brøde» og straff. Straffa må med andre ord avspegle kor alvorlege *krenkingar* – typisk av andre individ sine retts gode – som personen vert dømt for. Kor mange brotsverk han eller ho formelt sett vert straffa for, er ikkje avgjerande her.

Ein må dessutan merke seg at dette ikkje dreier seg om ein proporsjonalitet av typen «auge for auge, tann for tann». Som oftast vil straffa berre på ein symbolsk måte kunne avspegle alvoret i krenkinga av andre eller samfunnet. Dette vert særleg tydeleg ved dei mest alvorlege brotsverka, til dømes drap, valdtekt, tortur og terrorhandlingar.

Ei vel så viktig form for proporsjonalitet i strafferetten er difor at det er eit rimeleg tilhøve mellom straffa for ulike typar krenkingar (ekvivalens). Ei alvorleg krenking må straffast strengare enn ei mindre alvorleg. Om fleire offer har blitt krenkt, eller om same person har blitt offer for fleire krenkingar, bør straffa vere høgare enn om det berre hadde vore éi tilsvarende krenking. Også her bør det avgjerande vere kor klanderverdig

gjerningspersonen sin handlemåte i sum framstår, ikkje kor mange brotsverk det formelt sett dreier seg om.

Dess grovare krenking det gjeld, dess mindre vil som nemnt ei straff innafor humane rammer svare til alvoret av krenkinga. Difor vil også den relative proporsjonaliteten mellom straffene for ulike saker nødvendigvis vere svakare dess grovare krenking(ar) det dreier seg om. Dette gjeld uansett kva «tak» ein set for fengselsstraffa. Som det heiter i høyringsnotatet (s. 26) kan det «aldri ... sikres full proporsjonalitet i noen av de aller mest alvorlige tilfellene».

På denne bakgrunnen er det **høgst misvisande** å seie (mellom anna s. 12) at det i dag blir gitt ein «**kvantumsrabatt**» ved dom for fleire brotsverk. Uttrykket «rabatt» gir inntrykk av at det gjeld eit utgangspunkt om at ein skal addere straffa for ulike brotsverk, som ein så får eit avslag i høve til. Det har aldri vore eit utgangspunkt i norsk strafferett. Som departementet sjølv peikar på (s. 6), er dette prinsippet ikkje aktuelt for ein «moderne» strafferett.

Det berande synspunktet i høyringsnotatet er at «dagens straffenivå ikke i tilstrekkelig grad reflekterer alvoret og grovheten i å begå gjentatt eller omfattende kriminalitet» (s. 9). Ein sentral premiss for dette, som vert uttrykt i neste setning, er at «både klanderverdigheten i gjerningspersonens handlemåte og skadevirkningene for fornærmede og samfunnet øker med antallet lovbrudd». Dette er etter vårt syn uttrykk for ei altfor unyansert forståing av dei vurderingane som ligg til grunn når lovgivar og domstolar fastset kva som skal reknast som høvevis eitt eller fleire brotsverk.

I mange tilfelle vert fleire enkeltkrenkingar av same eller ulike offer rekna som berre eitt brotsverk. «Brøden» som eitt brotsverk representerer vil i slike tilfelle vere langt større enn der det berre blir dømt for ei enkeltstående krenking av same karakter. Den som har hatt seksuell omgang med to mindreårige, vil til dømes bli dømt for to brotsverk, slik at § 79 bokstav a kan nyttast. Har han i staden forgripe seg to – eller tjue – gonger mot same offer innanfor ein samanhengande tidsperiode, vert det rekna som eitt brotsverk. Dette har lovgivar *allereie teke høgde for* ved utforminga av strafferamma. Eit direkte uttrykk for dette finn vi i § 301 om grov valdtekt av barn under 14 år, der «gjentatte overgrep» er eit av dei momenta som kan utløysa bruk av den skjerpa strafferamma på 21 års fengsel. Men også ved seksuell omgang med eit barn mellom 14 og 16 år (§ 302) vil ei straff opp mot den øvre strafferamma særleg bli aktuelt der offeret har blitt utsett for fleire krenkingar.

Som departementet er inne på, er ein del straffebod dessutan tydeleg utforma slik at det som i høve til andre straffebod gjerne ville blitt rekna som fleire brotsverk, blir rekna som eitt samanhengande brotsverk. Eit typisk døme er mishandling i nære relasjonar (§ 282), men det same er tilfelle for til dømes tortur (§ 174), omsorgsunndraging (§ 261) og økonomisk utruskap (§ 390). I slike tilfelle har ein i strafferamma for desse brotsverka *allereie teke høgde for* at det typisk førekjem fleirfaldige krenkingar. Etter §

283 om grov mishandling i nære relasjonar skal det til dømes leggjast vekt på «dens varighet». Også utan at straffebodet særskilt nemner det, vil eit mangfald av krenkingar vanlegvis få betydeleg utslag i straffeutmålinga, noko strafferamma tek høgde for.

I denne samanhengen er det særleg grunn til å trekkje fram dei straffeboda som i dag har ei maksimal strafferamme på 30 år: folkemord (§ 101), brotsverk mot menneskeslekta (§ 102), internasjonale krigsbrotsverk (§§ 103-107) og terrorhandlingar (§§ 131-132). Forslaget er å auke strafferamma til 40 års fengsel der nokon vert straffa for fleire brotsverk av denne typen. Ein vesentleg mangel ved framlegget er at ein ikkje får fram at desse straffeboda etter si oppbygging nettopp vil samle fleire enkeltkrenkingar som eitt brotsverk. Det som til dømes etter drapsregelen ville blitt rekna som 5000 ulike drap, blir rekna som eitt folkemord. Eller for å nytte Breivik-saka som døme: Han vart dømt for to tilfelle av terrorhandlingar. Hadde ikkje lovgivar utforma denne «samleparagrafen» ville han blitt dømt for 77 drap, ei lang rekkje drapsforsøk, eksplosjon som sette menneskeliv i fare, skadeverk med meir.

Også for desse straffeboda sin del har lovgivar ved utforminga av den noverande strafferamma *allereie teke høgde for* at kvart slikt brotsverk kan romme mange enkeltkrenkingar. For krigsbrotsverk sin del går dette uttrykkeleg fram av § 103 siste ledd, som fastset at det i vurderinga av om brotsverket er grovt (30 års ramme) skal leggjast vekt på om det er utført «som ledd i en omfattende utøvelse av slike forbrytelser». Tilsvarende heiter det i § 132 om grove terrorhandlingar at det mellom anna skal leggjast vekt på om brotsverket har «medført tap av flere menneskeliv». Om nokon formelt sett blir dømt for eitt eller fleire brotsverk av denne typen, vil difor gjennomgåande ha så lite å seie for grovleiken av det som er gjort, at eit påslag i strafferamma her framstår som særleg lite gjennomtenkt.

Det «problemet» som gjenstår er at straffa ved dei aller grovaste brotsverka i mindre grad enn elles vil kunne uttrykkje den relative grovleiken av krenkinga(ne). Departementet har rett i at dersom det «er begått flere svært grove drap, som hver for seg kan kvalifisere til en straff opp mot fengsel i 21 år, vil den utmålte straffen i liten grad kunne gjenspeile at det er begått flere slike lovbrudd» (s. 8). Samstundes må ein ta med i vurderinga at rettsapparatet også har fleire andre måtar å kommunisere omfanget av brotsverk på, enn den utmålte straffa. Sjølv om «taket» er nådd, vil prosessen og domsgrunnane godt kunne avspegle omfanget av krenkinga(ne). Prosessen og dommen mot Breivik er eit godt døme på dette. At rettsordninga sin kommunikasjon er meir samansett, gjer at vi lettare kan akseptere å ha eit tak på til dømes på 21 år.

Vi meiner også at det er grunn til å få klarare fram at *forvaringsstraffa* er aktuell for fleire av dei døma som det er gjort bruk av i notatet. Til dømes heiter det på s. 9 at «[o]verfor den som rammes av en voldtekt, kan det være vanskelig å begrunne at handlingen gir mindre utslag i straffutmålingen dersom gjerningspersonen skal dømmes for flere andre voldtekter». I mange slike tilfelle vil forvaring vere ein nærliggjande

reaksjon, noko Rt. 2010.676, som er nemnt på s. 13, er eit døme på. Medan forvaringsstraffa opphavleg var tenkt til brotsverk med eit straffenivå i «mellomsjiktet», vert reaksjonen no også brukt i mange meir alvorlege saker, noko Breivik-saka igjen er eit døme på. Det inneber etter vårt syn at «problemet» med brotsverk som stangar i «takket» er mindre påtrengjande enn før. Forvaringsinstituttet gir i dag rom for ei tidsubestemt straff som kan vare livet ut dersom gjerningspersonen vedvarande vert rekna som ein vesentleg fare for samfunnet. Førekomsten av gjentekne brotsverk er eit sentralt kriterium for bruk av forvaring, sjølv om det ikkje er noko absolutt krav.

6. Eit steg bort frå ei human strafferettspleie

Ifølgje høyringsnotatet skal strafferammer og straffenivå framleis byggje på «et prinsipp om en human [straffe]rettspleie» (s. 17). Kva som ligg i dette vert likevel ikkje forklart.

Med ei human strafferettspleie forstår vi grunnleggjande sett ei strafferettspleie som behandlar kvart individ med respekt for sin fridom, integritet og menneskeverd. Det betyr at strafferetten må ta omsyn til begge eller alle partar sine interesser i ein strafferettsleg konflikt. Som nemnt er ikkje omsynet til offera einerådande. Samtidig som ei human strafferettspleie gjennom straffa kommuniserer alvoret i eit brotsverk, må ho også kommunisera at lovbrytaren er eit medlem i rettsordninga som igjen skal kunne finne sin plass i fellesskapet. Det overordna målet må vere å nytte straff og andre tiltak på ein måte som samla sett avspeglar rettsordninga sine verdiar og som bidreg til eit lågt kriminalitetsnivå, til beste for alle.

Etter vårt syn representerer forslaget eit steg bort frå dette prinsippet. Dette heng saman med at lovgivar den seinare tida stadig har løfta straffenivået. Det har ført oss inn i ein spiral der det lett kan opplevast som stadig nødvendig å skjerpe straffa for mildare brotsverk som etter endringa ligg for lågt, eller – som i dette framlegget – løfte strafferammene og straffenivåa for nokre tilfelle for å få tilstrekkeleg stor «avstand» til brotsverk nedanfor. Denne tendensen har vore synleg ei stund, og føresetnadane for den ligg i det strafferettslege systemet sine grunnleggjande synspunkt om ekvivalens - at brotsverk av ulik alvorsgrad skal straffast ulikt. Dei stadige oppjusteringane på eitt område gjer at ein stadig får nye behov for å auke straffenivået i ein annan del av systemet. Eit hovudproblem med framlegget er at det inngår i og forsterkar denne spiralen. Lovgivar bør ta denne breiare utviklinga som notatet inngår i, på stort alvor. Det er avgjerande for å oppretthalde kvalitetane ved norsk strafferett at lovgivar no maktar å bremse spiralen og verne om eit lågt represjonsnivå.

Med strafferammer på 30 eller 40 år, nærmar vi oss som nemnt noko som for mange vil vere livstidsstraff. Det er noko vi tidlegare har gått vekk frå. EMD har i nyare tid òg vore kritisk til svært lange straffer utan utsikter til lauslating, sjå igjen saka Vinters mfl. mot Storbritannia (2013). Der blir det mellom anna peika på «the principle that all prisoners,

including those serving life sentences, be offered the possibility of rehabilitation and the prospect of release if that rehabilitation is achieved» (avsn. 114).

Det er i denne samanhengen viktig å vere merksame på at sjølv om nokre av våre naboland har livstidsstraff, er det normalt ikkje tale om fengsel livet ut. Departementet sin merknad om at «den gjennomførte straffen vil ofte være kortere», kan gi eit noko misvisande inntrykk, då straffenivået er vesentleg lågare. Personar som i Sverige er dømt til livstidsstraff, sonar til dømes i gjennomsnitt om lag 25 år i fengsel. Strafferamma for mord der det blir gitt ei tidsbestemt straff, er i dag 10-18 år, med eit utgangspunkt på 14 år (jf. NJA 2013 s. 376 og NJA 2016 s. 3). Drap (mindre grove mord) gir ikkje grunnlag for livstidsstraff, og har ei strafferamme på 6-10 år fengsel. Til samanlikning er strafferamma for drap etter vår eiga strl. 2005 § 275 fengsel frå 8 til 21 år, med eit normalnivå (etter den siste hevinga) på 12 år. Samstundes vil forvaringsinstituttet fange opp nokre særleg alvorlege slike saker.

Eit anna svakt punkt ved framlegget er at ein ikkje drøftar kva følgjer den føreslegne skjerpinga vil få for bruken av andre strafferettslege reaksjonar som i dag er eit alternativ til fridomstap. Når ikkje berre strafferammene, men også straffenivået vert skjerpa, vil færre saker gi grunnlag for bruk av samfunnsstraff og ungdomsstraff. Ei slik utvikling vil gå stikk i strid med andre erklærte målsetjingar i kriminalpolitikken, som nettopp tek sikte på å fremje ei mest mogeleg human strafferettspleie.

Framlegget vil dessutan medføre at skilnaden mellom å vere under eller rett over 18 år vert svært stor i straffeutmålingssamanheng. Er ein under 18 år, vil til dømes ungdomsstraff ofte vere eit alternativ, og straffa kan aldri setjast høgare enn 15 års fengsel (§ 33). Er ein rett over 18, vil ein etter framlegget kunne få både 30 og 40 års fengselsstraff. Slike store sprang i straffenivået knytt til ei bestemt aldersgrense er vanskeleg å forsvare. I alle fall burde dette vore nærare diskutert i notatet.

7. Manglande kostnadsanalyse og prioritering

Departementet innrømmer at forslaget vil medføre «en økning i behovet for straffegjennomføringskapasitet», men seier det er «usikkert hvor stor denne økningen vil være» (s. 42). Ein tek sikte på at dei auka kostnadene «vil [...] måtte håndteres i de årlige budsjetter». Vi merkar oss at det ikkje står «innenfor» her, men etterlyser likevel langt meir konkrete vurderingar av dei økonomiske kostnadene.

Sjølv om det ikkje er vår oppgåve å utgreie dei økonomiske og administrative kostnadene, kan vi illustrere kva vi etterspør med eit enkelt overslag: Det er vanleg å rekne med ein kostnad på rundt kr. 2000,- pr. fengselsdøgn, dvs. ca. 700.000,- kroner pr. ekstra fengselsår. Basert på forslaga til oppjustering i dei 9 konkrete sakene som departementet nyttar som døme (s. 18-19), vil resultatet berre for desse sakene bli meir enn 20 år ekstra i fengsel, og dermed utløyse ein kostnad på minst 14 millionar.

Framlegget vil sjølvsagt få merkbar verknad for langt fleire saker pr. år. Reknar vi til dømes at det medfører eit straffepåslag på to års fengsel i 300 nye saker pr. år (eit tilfeldig valt tal, men neppe ei stor overdriving), snakkar vi om ei utgift på over 400 millionar kroner i året. Vi er einige i at det er «usikkert» *kor stor* auke i kapasitet forslaget vil skape behov for, men synes departementet underspelar det faktum at det er *sikkert* at ressursbehovet til soning av straff vil bli langt større enn i dag.

Den manglande kostnadsanalysen er ikkje berre eit budsjettproblem. Konsekvensen er at ein heller ikkje har drøfta om det er ei fornuftig **prioritering** av midlane innanfor justissektoren. Ein slik vesentleg tilleggskostnad som framlegget inneber, bør sjåast opp mot andre sider ved strafferettspleia, slik som innsats retta mot førebygging av kriminalitet, rask oppklaring, rask gjennomføring av straffesaker osv. Faktum er at justissektoren allereie lir av alvorlege ressursmanglar. Vi er i ein situasjon der alvorlege brotsverk av ulike typar i det heile ikkje kan etterforskast eller i alle fall må prioriterast ned. Politikarane må også sjå utgiftene i denne sektoren opp mot andre gode offentlege føremål, som òg meir indirekte kan påverke kriminalitetsnivået, til dømes meir ressursar til skule eller barnevern.

Departementet si oppgåve er å gi grunnlag for ein opplyst debatt om slike prioriteringar, men det gir høyringsnotatet ikkje noko bidrag til.

Bergen 15.03.2017



Terje Einarsen




Ingun Fornes



Anne Marie Frøseth




Linda Grøning



Katrine Rong Holter



Erling Johannes Husabø



Jørn Jacobsen



Eivind Kolflaath




Marte Habberstad Mo



Jon Petter Rui



Annika Elisabet Suominen



Jørgen Aall



Ragna Aarli